



Temaplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv

Vedlegg:

Vedlegg 1 - Prioriterte og uprioriterte tiltak i perioden 2021-2025

Vedlegg 2 - Årshjul for spelemidler

Vedlegg 3 - Oversikt over anlegg for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv i Ål kommune

Vedlegg 4 - Samarbeidsavtale Ål kommune og Ål Idrettsråd 2020-2023

Foto framside: Vatsfjorden, av Kristine Kapperud

Foto innholdsside: Rødungen, av Ane Kleiven

Foto bakside: Sykling i fjellet, av Vegard Breie

Innhald

1. Bakgrunn for planen	3
2. Overordna føringar	4
2.1 Nasjonale føringar	4
2.2 Fylkeskommunale føringar	5
2.3 Kommunale føringar	5
3. Resultatvurdering av førre plan.....	6
4. Dagens status	6
5. Handlingsdel	8
5.1 Satsingsområde 2021-2025	8
5.2 Mål og tiltak.....	9
6. Anlegg.....	11
6.1 Drift og vedlikehald	12
6.2 Finansiering	12



1. Bakgrunn for planen

Denne planen er ein fireårig temaplan med ein handlingsdel og tiltaksdel som vert rullert årleg. Planen er tufta på statlege, fylkeskommunale og kommunale føringar for aktivitet og friluftsliv. Den skal vere eit styringsdokument og verktøy for politikarar og administrasjon i kommunen, idretts- og frilufsorganisasjonar og engasjerte innbyggjarar. Formålet med planen er å samordne og ha ein heilskapleg tilnærming til arbeid knytt til idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv. Planen er grunnlag for å kunne prioritere og å søkje spelemidlar til idrett- og friluftsanlegg. Det er i «Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet» ein føresetnad at anlegget, eller tiltaket det blir søkt om tilskot til, inngår i ein vedteken kommunal plan.

Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv gjev glede, meistringskjensle og fellesskap, - det er ein viktig føresetnad for eit godt liv. I tillegg har det ein nytteverdi med positiv verknad på folk si fysiske, sosiale og mentale helse. Grunnlaget vert lagt tidleg i livet, og det er ein klar samanheng mellom fysisk aktivitet som ung og helse som vaksen. Ål kommune har omgjevnader som gjer at alle har gode moglegheiter for å vere fysisk aktive på alle nivå. For born og unge er idretten ein viktig arena for aktivitet og meistring. Her får dei gode vanar og ferdigheiter for framtida. Samtidig veit ein at mange born og unge ikkje deltek i organisert idrett. Det er difor viktig med idrettsanlegg som legg til rette for både organisert og uorganisert aktivitet, og at det er områder som innbyr til varierte fysiske utfordringar der folk bur og oppheld seg mest.



Ål cup Fotball, foto: Kristine Kapperud

Det har i fleire år vore satsa på friluftsliv med Ål52 og 10 turfavorittar. I tillegg til satsing på friluftsliv er det og ei satsing på terreng- og stigsykling. Turstigprosjekt og sykkelsatsing er tiltak som kan nå mange, både fastbuande og turistar.

Lokalsamfunnet er avhengig av frivilligheit og dugnadsånd for å ha eit variert aktivitetstilbod. Me har eit stort og velfungerande organisasjonsliv, mange gode arrangement, og me er gode på frivilligheit. Ringverknadene av dette har stor verdi for samfunnet.

Som del av kulturplan 2019-2025, vert det arbeidd med å bygge opp eit miljø knytt til Ål kulturhus og dansescena "Sprang". Dans er ein viktig del av det fysiske

aktivitetstilbudet til barn, unge og voksne, som bidrar til meistring og glede. Dette er meir omtalt i kulturplanen

2. Overordna føringar

2.1 Nasjonale føringar

Staten har som mål å legge til rette for at alle skal kunne vere aktive ut frå egne føresetnader¹. Folkehelsemeldinga 2019² har fleire innsatsområde knytt til fysisk aktivitet og friluftsliv. I tillegg har me den tverrsektorielle satsinga gjennom prosjektet Leve Hele Livet som fokuserar på nærfriluftsliv og fysisk aktivitet gjennom heile livsløpet.

I «Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet» er det gitt ein føresetnad at anlegget eller tiltaket det blir søkt om tilskot til, inngår i ein vedteken kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet. Friluftsliv inngår i dette.



Buldring, foto: Hanne Nordheim

Regjeringa si handlingsplan for friluftsliv³ (2018) skal bidra til å auke deltaking i friluftsliv og medverke til at attraktive friluftslivsområder blir teke vare på og utvikla.

Rammeplanen for barnehagar⁴ frå 2017 gir føringar for barnehagen si rolle som tilretteleggjar for at born kan oppleve bevegelsesglede, sosialt velvære og god fysisk og psykisk helse. Borna skal verte inkludert i aktivitet med rørsle, leik og sosial samhandling, slik at dei får oppleve motivasjon og meistring ut frå egne føresetnader. Læreplan for skulene⁵ seier at opplæringa skal fremje gleden ved fysisk aktivitet og friluftsliv.

¹ [Sammen om aktive liv – Handlingsplan for fysisk aktivitet 2020-2029](#)

² [Meld. St. 19 \(2018-2019\) Folkehelsemeldinga – Gode liv i eit trygt samfunn](#)

³ [Handlingdplan for friluftsliv – Natur som kilde til helse og livskvalitet](#)

⁴ [Rammeplan for barnehagen](#)

⁵ [Læreplan for kroppsøving](#)

2.2 Fylkeskommunale føringar

Viken fylkeskommune har per i dag fire ulike dokument for idrett og aktivitet. For Buskerud er visjonen i strategien for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv⁶ at «Alle skal ha moglegheit til å oppleve aktivitetsglede». Visjonen i regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for Akershus⁷ er «Aktiv i Akershus heile livet». Den regionale planen for Østfold i bevegelse⁸ har «økt fysisk aktivitet for alle» som hovudmål. I tillegg har Viken Fylkeskommune laga felles handlingsprogram 2021-2022 for økt fysisk aktivitet for alle⁹. Denne skal ivareta innhaldet i dagens tre gjeldande planar, og hovudmålet for Viken er å skape og legge forholda til rette for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet for alle. Ein viktig føresetnad for dette er gode og riktige anlegg for fysisk aktivitet.



2.3 Kommunale føringar

Kommuneplanen har fleire mål som er relatert til fysisk aktivitet, friluftsliv og idrett. Det gjeld både å sikre områder til lek, læring og fysisk aktivitet (4.1.8), eit idrettstilbod som femner både breidde og topp (4.2.6), at alle skal ha høve til å drive friluftsliv som helsefremjande, trivselsskapande og miljøvenleg aktivitet (4.4.8).

Kapittel 4 i kulturplan 2019-2025 omhandlar mål og tiltak for frivillig sektor, idrettsaktivitet, idrettsanlegg og arrangement, med særleg fokus på sosiale, trygge og aktive idrettslag, idrettsrådets rolle, offentleg bading, nærmiljøanlegg, føremålstenelege og moderne idrettsanlegg, spelemidlar og kommunale tilskot. Dette er viktige punkt å ha med seg når ein les vidare i denne planen.

Arealplanar seier noko om kva areal er tenkt brukt til, og det er laga ein plan for dei fleste område og anlegg i Ål kommune.

Helse- og omsorgsplanen i Ål har nokre mål relatert til fysisk aktivitet, som gjeld tilgjengelegheit for fysisk aktivitet og nærfriluftsliv, tilbodet Aktiv Ung, og møteplassar.

Masterplan for sentrumsnær terrengsykling legg føringar på at ein skal satse på sentrumsnære stigar og løyper for sykling og fleirbruk.

⁶ [Strategi for idrett og friluftsliv i Buskerud](#)

⁷ [Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv – Handlingsprogram 2019-2022](#)

⁸ [Østfold i bevegelse – Regional plan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2018-2029](#)

⁹ [Felles handlingsprogram for økt fysisk aktivitet for alle – Aktiv i Viken 2021-2022](#)

Ål kommune arbeidar etter kommune 3.0-prinsippet. Kort fortalt inneber det at kommunen vil samarbeide med innbyggjarane om å skape velferd og trivsel. Når kommune og frivillige spelar på lag kan ein saman få til mykje meir enn kvar for seg. Elvelangs er eit døme på eit slikt prosjekt.

3. Resultatvurdering av førre plan

Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2012-2022 har fungert som styringsdokument i sakshandsaming innanfor idrettsanlegg og satsing på idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv. Delmåla er gjennomgått og følgande mål er ikkje oppnådd godt nok og vert vidareført:

- Vidareutvikle tilbod om allidrett for fleire aldersgrupper
- Arbeide aktivt for å få til gode opplegg med aktivitet-/treningskontakter
- Prøve ut ordning med open hall med frie aktivitetar for ungdom i feriar og helger
- Stimulere idrettslaga til å drive med meir lågterskel aktivitet
- Fleire turmål med universell utforming



4. Dagens status

Norges Idrettsforbund kom i 2020 med ei ny lovnorm til idrettslaga. Med grunnlag i nye krav til organisering, rapportering m.m. i idretten, har det i ein liten kommune som Ål vist seg vanskeleg å rekruttere frivillige til administrasjon og styre i idrettslaga. Om Ål skal oppretthalde den gode idrettsaktiviteten me har i dag er det svært viktig med føreseielege økonomiske rammer.

I Ål ser me ein tendens til at ungdommen fell frå organisert fritidsaktivitet i alderen 13-18 år. Sjølv om noko fråfall i denne aldersgruppa er heilt naturleg, må me likevel i større grad setje fråfall på agendaen og legge fokus på korleis å hindre og utsetje fråfallet så lenge som mogleg. Dette kan me gjere ved å samarbeide på tvers av grupper og organisasjonar, auke kompetanse på skadeførebygging, gi dei tilbod meir tilpassa nivå/ferdigheiter, interesser eller motivasjon, og tilby alternative tilbod til dei som er inaktive. Det er viktig at alternative tilbod har god kvalitet, men dette må ikkje gå ut over kvalitet på eksisterande tilbod. Ved å halde ungdommen aktiv lengre, legg ein til rette for god folkehelse, sosialt samhald og eit godt oppvekstmiljø.

Me har mange aktivitetstilbod innan dei fleste idrettsgreiner, som spenner over alle aldersgrupper og alle område av kommunen. Dette er ein viktig del av kvardagen til mange av våre innbyggjarar, og er viktig innan førebyggjande helsearbeid. Det kan vere vanskeleg å orientere seg i alle tilbod som finst, men i 2020 blei ein regional portal for fritidsaktivitetar lansert. "Fritid Hallingdal" skal sikre god og oppdatert informasjon om faste, opne, organiserte fritidstilbod i heile Hallingdal. For at denne skal fungere optimalt er det viktig at lag og organisasjonar registrerer og held ved like informasjon om sine tilbod. Jo betre me er på synleggjering, samarbeid og framsnaking av kvarandres aktivitetar og tilbod, dess større deltaking og rekruttering.

Ål kommune tilbyr milevis med turstigar og skiløyper. Desse vert vedlikeheldt og drifta på frivillig basis, i samarbeid med eller av Ål kommune. Me har gode ordningar for tilskot til løypelaga, og det er viktig at me opprettheld den gode dugnadsånden, ved å fortsetje å tilby føreseielege økonomiske rammer og på sikt prøve å auke desse. Ål kommune skal vidareføre arbeidet med tilrettelegging av attraktive friluftsområde for alle, med fokus på universell utforming av eksisterande tilbod og tiltak som er lett tilgjengeleg for alle grupper i nærmiljøet. Me veit av erfaring at tilrettelegging verkar; at fleire vert aktive når det er lett tilgjengeleg og attraktivt å kome seg ut.



Høyt og lavt, Foto: Ål frivilligsentral

Ål Stibyggarlag blei oppretta i 2020 og skal arbeide for å realisere stigbyggingsprosjekt for sykkel- og fleirbruksstigar i Ål kommune. Masterplan for sentrumsnær terrengsykling er grunnlaget og hovudprioritet for selskapet. For at Ål skal bli ein sykkeldestinasjon er det viktig at Ål kommune fortset å satse offensivt på sykkelstigutbygging, gjennom å fortsetje å løyve tilskot til prosjekta.

Ål kommune har ein unik dansesal i SPRANG. Scena kan huse store nasjonale og internasjonale danseproduksjonar og er i full drift frå 2020. Dette arealet kan også nyttast av lokale aktørar.

Det vert satsa på nye tilbod, slik som e-sport og frisbeegolf.

Ål kommune ønsker alle nye tilbod velkomen.

5. Handlingsdel

5.1 Satsingsområde 2021-2025

Ål kommune ønsker å satse på følgande i perioden 2021-2025:

- Styrke idrettslaga sitt arbeid, med fokus på kompetanse og organisering
- Friluftsliv for alle
- Sykling

Satsingsområda vert spegla i prioriteringa av tiltaka under kvart mål.



Hesteåne ved Fjellstølen, Foto: Oddvar Myro

5.2 Mål og tiltak

Mål: Stimulere til auka kompetanse og samarbeid innan organisering, drift og leiing, med særleg fokus på idrettslaga		
	Tiltak	Ansvar
1	Godt samarbeid mellom idrettslaga og grupper internt i idrettslaga om administrative oppgåver, økonomi, organisering og styrearbeid, og arbeide for å tilsette ein dagleg leiar	Idrettslaga
2	Vidareføre og auke kompetanseutvikling hjå styrer, trenarar og utøvarar, og legge til rette for kompetansedeling og felles trening på tvers av organisasjonane	Idrettslaga og Ål Idrettsråd
3	Økt kompetanse på drift og vedlikehald av idrettsanlegg, nærmiljøanlegg og aktivitetsområde	Eigarane av anlegga i samarbeid med Ål kommune og NIF
4	Stimulere til vidareutvikling av eksisterande idrettsarrangement via arrangementsfondet	Ål kommune i samarbeid med idrettslaga
5	Utdanne fleire unge juniortrenarar frå eigen bygd	Idrettslaga
6	Meir samhandling, kompetansedeling og erfaringsutveksling på tvers av Hallingdalskommunene, idrettsråd, idrettskrets og Norges Idrettsforbund	Idrettslaga, Ål kommune og Ål Idrettsråd i samarbeid med Viken idrettskrets og NIF
7	Vidareføre fokus på rusfrie idrettsarrangement og "reint idrettslag"	Idrettslaga

Mål: Auka samhandling, tilrettelegging og forståing for inkludering av alle, utan omsyn til utfordringar eller bakgrunn		
	Tiltak	Ansvar
1	Vidareføring og vidareutvikling av Frivilligsentralen med ungdomsfrivilligsentralen og BUA	Frivilligsentralen, BUA og Ål kommune
2	Fleire sosiale møteplassar med universell utforming ein kan nytte heile året som legg til rette for generasjonsmøter	Ål kommune og anleggseigarar
3	Legge til rette for fleire organiserte, lågterskel aktivitetstilbod for pensjonistar, menneske med særskilde behov eller funksjonsnedsetting. Auke bruk av aktivitets-/treningskontakter	Idrettslaga og andre frivillige organisasjonar i samarbeid med Eldrerådet, RMF, NAV, Friskliv og Helsetunet
4	Meir fokus på universell utforming av eksisterande turmål, løyper og aktivitetsområde, slik at dei blir tilgjengeleg for alle uavhengig av funksjonsevne	Ål kommune og anleggseigarar
5	Auka fokus på og forståing for integrering og tilrettelegging for innvandrarar i idrettslaga	Flyktingtenesta og idrettslaga
6	Vidareføre og vidareutvikle tilbod i Frisklivssentralen, med særkild fokus på tilbod som fremjer glede, meistring og trivsel for barn og unge (Aktiv Ung)	Frisklivssentralen og Ål kommune
7	Stimulere til meir bruk av dugnad og deltaking som arenaer for å bli kjent og integrert i bygda, for barn, unge og vaksne	Frivilligsentralen, Ål kommune og idrettslaga



Mål: Arbeide meir målretta med synleggjering og rekruttering, med spesielt fokus på å hindre fråfall i ung alder

	Tiltak	Ansvar
1	Alle skal kunne drive med fritidsaktivitetar uavhengig av økonomi ved å vidareføre satsinga på "Alle Med" og BUA	Ål kommune, Idrettslaga, Frivilligsentralen ("Alle Med" koordinator), BUA og Frisklivscentralen (Aktiv Ung)
2	Stimulere idrettslaga til å hindre fråfall, særleg blant ungdom frå 13 år. Ha alle med så lenge som mogleg, ved å samarbeide på tvers av idrettsgruppene, utvikle lågterskeltilbod og fange opp trendar som ungdommen ønsker seg t.d. basketball, skatepark, e-sport senter, allidrett, open hall og offentleg bading	Idrettslaga, andre frivillige organisasjonar og Ål Idrettsråd
3	Auke rekrutteringa til sykkelsporten ved å satse på lågterskel sykkeltrasèer for born og unge vaksne	Ål Stibyggarlag, Ål kommune og frivillige organisasjonar
4	Vidareføre "Fritid Hallingdal", "Kva skjer i Hallingdal" og "Dørstokkmila" som alle formidlar tilbod innanfor ulike kategoriar og aldrar	Regionrådet, Ål Utvikling, Helsetunet og Ål kommune
5	Stimulere idrettslaga til å nytte Ål Idrettsråd meir aktivt som talerøyr inn mot kommunen	Idrettslaga
6	Stimulere til meir samkøyring til fritidsaktivitetar i eigen kommune og i nabokommuner, spesielt for tilbod som berre finst i ein annan kommune, t.d. friidrett (Nesbyen)	Idrettslaga og andre frivillige organisasjonar
7	Vidareføre organisert undervisning innan t.d. dans, yoga, zumba på Ål Kulturhus	Ål Kulturskule



Mål: Ha gode og føremålstenelege anlegg for idrett, fysisk aktivitet, friluftsliv og sykling, som er tilgjengelege og kan brukast av folk flest

	Tiltak	Ansvar
1	Stimulere til friluftsliv heile året, ved å utvikle fleire og vidareutvikle eksisterande turmål, arenaer og område for eigenaktivitet og rekreasjon, med særleg fokus på universell utforming, for alle aldersgrupper, nær alle grendesentrum	Ål kommune i samarbeid med grunneigarar, velforeningar, grendeutval, idrettslag og andre initiativtakarar
2	Utvikling av terrengsykkelstigar, sykkeltrasèer og diverse sykkeltilbod nær Sundre og Torpo sentrum.	Ål Stibyggarlag og Ål kommune i samarbeid med grunneigarar
3	Utvikling av sykkelstigar og turstigar for sambinding i fjella	Ål kommune i samarbeid med frivillige lag/org og grunneigarar



4	Vidareføre dei gode ordningane med turløyper (Aal52, 10 turfavorittar, Ni på tøpp) og skiløyper, og rydding, vedlikehald og merking av desse	Turlag, løypelag, Ål Utvikling, grendeutval, velforeningar og Ål kommune
5	Ta vare på eksisterande sentrumsnære skiløyper og skileikområde	Ål kommune, løypelag, frivillige organisasjonar og grunneigarar
6	Gode og føreseielege tilskot er viktig for drift og vedlikehald av idrettsanlegg, nærmiljøanlegg og aktivitetsområde, og at desse har tilfredsstillande standard	Ål kommune og anleggseigarar
7	Arbeide for å statleg sikre fleire område til friluftsføremål og utvikle statleg godkjente friluftsområde etter godkjente forvaltningsplanar	Ål kommune
8	God oversikt over bruken av og betre utnytting av arenaer, bygg, haller, salar, og rom som kan verte nytta til aktivitet når dei ikkje er i bruk av andre	Ål kommune, Ål kulturhus, skulene og anleggseigarar og byggforvaltarar
9	Legge til rette for god tilgang til dansesalar på Ål Kulturhus	Ål kommune og Ål kulturhus
10	Ikke-tilrettelagte friluftsområde skal verte ivareteke for rekreasjon og enkelt friluftsliv	Ål kommune
11	Synleggjering og formalisering av eksisterande utandørs buldreområde og etablering av innandørs buldreanlegg	Ål klatreklubb i samarbeid med grunneigarar, Ål kommune og Ål utvikling

6. Anlegg

Bygging og tilrettelegging av anlegg er ei viktig føresetnad for å realisere fysisk aktivitet på alle nivå. God planlegging, samarbeid og fleirbruk av anlegg blir viktige prioriteringsområde. Anleggsutbygging skal vere i tråd med til ei kvar tid gjeldande retningslinjer for universell utforming. Føresegner for tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet blir oppdatert kvart år og kan finnast på regjeringen.no eller anleggsregisteret¹⁰

Anlegg i lokalmiljø som stimulerer og tilfredsstillar barns behov for fysisk aktivitet i organiserte eller eigenorganiserte formar vert prioritert. Det er og eit mål å utvikle anlegg som tilfredsstillar ungdommens behov for utfordringar og variasjon. Ein må gi ungdom moglegheit til å medverke i utforminga av anlegg. Anlegga bør vere gode sosiale møteplassar i lokalsamfunnet.

Dersom eit anlegg skal få spelemidlar må det vere med i temaplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv. Anlegget må og vere registrert i anleggsregisteret. Søknad om spelemidlar skjer årleg etter gitte fristar. Tildeling etter politisk vedtak.

Behov for nye anlegg har kome fram etter ønske frå lag og organisasjonar i arbeidet med rullering av planen. Anlegga er ført opp på prioritert og uprioritert liste. Denne vert rullert årleg og ligg som vedlegg til planen.

I Kulturplan 2019-2025 står det følgjande:

- Det er eit mål om nærmiljøanlegg ved alle skular, som kan bli bygd ut ved samarbeid mellom kommune og idrettslag.

¹⁰ [Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet - 2020](#)

6.1 Drift og vedlikehold

I Ål kommune eig lag og organisasjonar dei aller fleste anlegg for idrett og fysisk aktivitet. Det er godt utbygd på anleggssida, men for å kunne møte framtidens krav til kvalitet på nybygg og eksisterande anlegg er det viktig at kommunen opprettheld satsinga på gode idrettsanlegg ved å fortsetje å ta del i det økonomiske spleiselaget og støtte anleggseigarane. Vedlikehold av idrettsanlegg er ofte basert på dugnadsarbeid, men her bør anleggseigarane utarbeide løysingar som sikrar at anlegga opprettheld tilfredsstillande standard utan å slite ut dei frivillige ressursane, slik at desse kan bruke meir av sin tid på å skape aktivitet. Dette vil bidra til auka folkehelse og på sikt mindre fråfall.



Ål IL Handball, foto: Håvard Gjeldokk



Liatoppen skisenter, Foto: Knut Ivar Vestli

I Kulturplan 2019-2025 står det følgande:

- Det er viktig med føreseielege tilskot til drift og vedlikehold av anlegg, og eit tiltak er å auke løyvinga til Ål idrettsråd, som tilrår årleg fordeling av kommunale løyvingar etter fastsett fordelingsnøkkel.

I framtida kan det bli meir aktuelt med løysingar der idrettslaga har driftsansvar for anlegg som ikkje ligg på eigen grunn. Eit eksempel er Elvelangs, som til dels ligg på kommunal grunn. Ål kommune ønsker å ta del i det administrative arbeidet, slik som rettleiing ved søknader, kart og praktiske delar av ein søknad.

6.2 Finansiering

Finansiering av anlegg gjennom spelemiddelordninga avhenger av type anlegg. For ordinære anlegg kan anleggseigar få 1/3 av tilskotsberettiga kostnader i spelemidlar og 1/3 frå kommunen, inntil

makssum for anleggstypen. For nærmiljøanlegg og enkelte friluftslivsanlegg er det ikkje krav om kommunal del dersom kommunen sjølv ikkje er anleggseigar, og ein kan få 50% av tilskotsberettiga kostnader i spelemidlar, inntil makssum for anleggstypen.

Kommunen forpliktar seg ved godkjenning og prioritering av søknadar å løyve tilskot til ordinære anlegg (unntatt turvegar, turstigar og tur-/skiløyper) der kommunen ikkje sjølv er utbyggjar. Tilskot blir utløyst når spelemidlane blir løyvd. Dersom anlegget blir dyrare enn maksbeløpet, er dette på utbyggjars rekning.

Søknad om forskottering av spelemidlar er til ei kvar tid avhengig av den økonomiske stoda i kommunen, og blir handsama årleg i samband med budsjett og økonomiplan.



I Kulturplan 2019-2025 står det følgande:

- Ål kommune skal stimulere til offensiv utbygging gjennom bruk av kommunale tilskot og statlege spelemidlar, for å skape føremålstenelege og moderne idrettsanlegg. Kommunen skal i størst mogleg grad forskottere staten sin del av spelemidlane.

Ein måte å skaffe ekstern finansiering til friluftslivsanlegg er å statleg sikre område til friluftslivsformål. Staten godkjenner tiltak som skal gjennomførast, gjennom å godkjenne ein forvaltingsplan for området. Dette gir kommunen moglegheit til å søke Miljødirektoratet om tilskot til å realisere friluftslivstiltaka i forvaltingsplanen.

Ål kommune kan hjelpe til med å finne alternative tilskotsordningar.



ÅL KOMMUNE



Ål kommune
Torget 1, 3570 Ål
Tlf 32 08 50 00
www.aal.kommune.no